



Multiconsult

Dato: 19.06.2014

Vår ref.: 2014/16540-7

Saksbehandlar: annvabo

Dykkar ref.: «REF»

Fråsegn til detaljreguleringsplan for Stormyra næringspark, gnr. 127, bnr. 111, 125, 126 m.fl., Mongstad - Lindås kommune

Vi viser til brev datert 13. mai 2014 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Stormyra. Hovudføremålet med reguleringa er næring, grønstruktur og jorddeponi. Etablering av jorddeponi er ikkje i tråd med overordna plan. Kommunen har ikkje vurdert om planen utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsvarslinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. Vi viser elles til vår fråsegn av 15.03.12 i samband med høyring av eksisterande reguleringsplan.

Vurdering og innspel

Landskap, vassforvalting, friluftsliv, folkehelse, og barn og unges interesser

Planen vil føre til dels store inngrep i naturen og i eksisterande reguleringsplan er det lagt stor vekt på tiltak for å dempe verknadene på landskapsbilete og kompensere reduksjon i grøntområde med avbøtande tiltak. Vi vil i det vidare planarbeidet leggje særleg vekt på at dette vert vidareført.

Kulturminne

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Hordaland fylkeskommune har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdig kulturminne i det aktuelle planområdet.

Hordaland fylkeskommune har ingen merknader til reguleringsendringa når det gjelder kulturminne og kulturmiljø.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no/plan/startpakke.

Oppsummering

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på landskap, vassforvalting, friluftsliv, folkehelse, barn og unges interesser og kulturminne.

Marit Rødseth
plansjef

Anne-Kathrine Vabø
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Sakshandsamar:

Anne-Kathrine Vabø, Regionalavdelinga, Planseksjonen

Vigdis Berge, Kultur- og idrettsavdelinga, Seksjon for kulturminnevern og museum

Kopi:

Lindås Kommune

Statens vegvesen, Region vest

Fylkesmannen i Hordaland